



Bergen Internasjonale Filmfestival
Georgernes Verft 12
5011 BERGEN

Dato: 09.09.2014
Vår ref.: 2014/13994-33
Saksbehandlar: maraskv
Dykkar ref.:

Underretning om tildeling frå Kulturkortpotten våren 2014

1. Innleiing

Vi viser til søknaden Dykkar om tilskot frå Kulturkortpotten 2014.

Hordaland fylkeskommune, Kultur- og ressursutvalet, har i møte 3. juni d.å. vedteke å tildele dykk kr 20.000,- i tilskot til promotering av kulturkorttilbodet gjennom eige festivalprogram.

2. Grunngeving

For heile 2014 er det 150 000 kroner til fordeling. På dette møtet vart det fordelt 105 000 kroner. Det var kome inn 7 søknader, med ein samla søkjessum på 238 248 kroner.

For saksframlegg og vedtak, sjå Kultur- og ressursutvalet sitt vedtak i sak 59/14:

<http://einnsyn.hfk.no/einnsyn/Utvalgsbehandling/Details/1406>

For nærare grunngeving: [Grunngeving](#)

3. Utbetaling

Tilskotet vil bli utbetalt til dykkar konto nr. 3624.64.82289.

Tilsegnsmottakar har ansvar for å kontrollere at utbetalt beløp er korrekt. Eventuelt for mykje utbetalt tilskot skal betalast attende snarast.

4. Vilkår for tilskotet

Tildelinga byggjer på følgjande føresetnadar:

Tiltaket skal gjennomførast på den måten og i det tidsrom som går fram av søknaden.

Det er ein føresetnad at tilsegnsmottakar aksepterer og nyttar ordninga med følgjekort for funksjonshemma. Funksjonshemma som kjøper billett skal ha rett til gratis billett til sitt følgje.

Gjennom aktivitetar, informasjonsmateriale m.m. skal det synleggjerast at Hordaland fylkeskommune er tilskottsgjevar. For bruk av fylkesvåpenet gå inn på nettsida

<http://www.hordaland.no/logo>

Tilsegnsmottakar skal rapportere og sende inn rekneskap i samsvar med pkt. 5 under og medverke til eventuell kontroll jfr. pkt. 6.

5. Rapportering /sluttrekneskap

Tilsegnsnittakar skal av eige tiltak varsle fylkeskommunen om vesentlege endringar i planane for tiltaket. Det er ein føresetnad at slike endringar vert godkjend av fylkeskommunen.

Sluttrapport med rekneskap sendast til Hordaland fylkeskommune, Kultur og idrettsavdelinga, seinast 6 veker frå tiltaket er gjennomført. Rapporten skal gje ein kortfatta skildring av :

når og kor tiltaket vart gjennomført og korleis dette vart gjort.
eventuelle avvik frå vilkåra med nærare grunngjeving.
eventuelle avvik frå søknadsgrunnlag (planar/budsjett) med grunngjeving

Dersom rapport/rekneskap i samsvar med krava under pkt. 6 ikkje vert levert innan fristen vil det vere eit brot på vilkåra for tildelinga, jfr. pkt. 4 og 7. At krava til rapportering og rekneskap er oppfylt vil også vere vesentleg med omsyn til vurderinga av eventuelle seinare søknader.

6. Kontroll

Fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor har til ei kvar tid rett til å kontrollere at midlane vert forvalta i samsvar med vilkåra i tilsegna.

Tilskotsmottakar pliktar på førespurnad å gje fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor alle opplysningar/dokument som dei finn naudsynt for sin kontroll og elles medverke til gjennomføringa av denne.

7. Brot på vilkåra

Dersom tiltaket ikkje vert gjennomført skal midlane førast attende til fylkeskommunen. Dersom det ligg føre vesentlege brot på vilkåra kan vedtaket om tildeling verte gjort om heilt eller delvis. Midlane kan i så tilfelle krevjast ført attende heilt eller delvis.

8. Klage/partsinnsyn

Part eller andre med rettsleg klageinteresse kan klage på vedtaket innan ein frist på tre - 3 - veker. Fristen vert rekna frå den dagen de mottok melding om vedtaket. Den fylkeskommunale klagenemnda er klageinstans. Klagen skal sendast til Kultur- og idrettsavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen. Klagen må innehalde opplysningar om kva vedtak det vert klaga over, årsaka til at det vert klaga og kva endringar ein meiner bør gjerast.

Vi gjer merksam på at De etter Forvaltningslova har rett til å gjere Dykk kjend med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

Anna Elisa Tryti
fylkesdirektør kultur og idrett

Ronny B. Skaar
utviklingssjef/seksjonsleiar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

